

**Eidsnes næringsområde**

# **FORSLAGSTILLARS PLANSKILDING**

**Datert:12.10.12**

---

**LINDÅS KOMMUNE**

Eidsnes, gnr 244 bnr 27, 36, 41, 46 og del av 4

**EIDSNES NÆRINGSOMRÅDE**

<b>1.</b>	<b>SAMANDRAG .....</b>	<b>3</b>
<b>2.</b>	<b>NØKKELOPPLYSNINGAR .....</b>	<b>4</b>
<b>3.</b>	<b>BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET .....</b>	<b>5</b>
<b>4.</b>	<b>PLANPROSESSEN.....</b>	<b>6</b>
<b>5.</b>	<b>GJELDANDE PLANSTATUS OG OVERORDNA RETNINGSLINER.....</b>	<b>7</b>
<b>6.</b>	<b>SKILDRING AV PLANOMRÅDET (DAGENS SITUASJON).....</b>	<b>9</b>
<b>7.</b>	<b>UTGREIING IHHT FORSKRIFT OM KONSEKVENSTREIING .....</b>	<b>25</b>
<b>8.</b>	<b>SKILDRING AV PLANFORSLAGET.....</b>	<b>26</b>
<b>9.</b>	<b>KONSEKVENSAV PLANFORSLAGET .....</b>	<b>29</b>
<b>10.</b>	<b>MEDVERKNAD .....</b>	<b>33</b>

## **1. SAMANDRAG**

Planområdet er på om lag 256 daa og ligg på Eidsnes sør i Lindås kommune, om lag 10 km nordaust for Knarvik i luftline. Føremålet med planen er å tilretteleggje for næring med utviding av eksisterande hamneområde. I planavgrensinga er tilkomstveg nordover til E39 inkludert. Området er svært bra egna til næringsverksemd, då det ligg sentralt i høve til Knarvik og då det er kort avstand til Bergen.

Området er regulert til næring i arealdelen til gjeldande kommuneplan. Planen utløyste såleis ikkje krav om konsekvensutgreiing, då den er i samsvar med overordna plan.

I planprosessen er biologisk mangfald og landskap utgreidd.

## 2. NØKKELOPPLYSNINGAR

Gardsnamn (adresse i sentrum)	Eidsnes
Gardsnr./bruksnr.	Gnr 244 bnr 27, 36, 41, 46 og del av 4
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommune(del)pl.)	Næring (N3) i kommuneplanens arealdel
Forslagsstillar	ATR Eiendom AS
Grunneigarar (sentrale)	
Plankonsulent	Opus Bergen AS
Hovudføremål for ny plan	Næring
Planområdets areal i daa	ca 256 daa
Grad av utnytting	% BRA = 150 %
Ant. nye bueiningar/ nytt næringsareal (BRA)	
Aktuelle problemstillingar (støy, byggehøgder, o. l.)	
Føreligg det varsel om motsegn (j/n)	j (frå vegvesenet)
Konsekvensutgreiingsplikt (j/n)	n
Kunngjering oppstart, dato	13.12.2011
Fullstendig planforslag motteke, dato	
Informasjonsmøte halde.(j/n)	n

### **3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET**

#### **Bakgrunn**

Planarbeidet er starta opp med ønske om å etablere nytt næringsområde i Lindås kommune. Det er eit overordna mål for kommunen å få på plass nye næringsområde i søre del av Lindås, hovudsakleg langsmed aksane E39 og Fv57 og nære Knarvik. Det er stor etterspurnad etter næringsområde i Bergensregionen, og nærleik til Bergen er viktig.

ATR Eigedom AS søkte i 2010 Lindås kommune om rammeløyve for ei rekkje tiltak på eigedomen, mellom anna etablering av kaifront og båtopptrekk og oppføring av lagerbygg for småbåtar med seksjonar for kontor, verkstad og liknande på kaia. Rammeløyve vart ikkje innvilga av Lindås kommune. Vedtaket frå Lindås kommune presiserer at kaien bør vera tilgjengeleg for brukarane av dei andre tomtene i feltet, ikkje berre for den omsøkte tomte, og at bygningane bør flyttast og plasserast i bakkant av tomte. Båtopptrekket bør i tillegg flyttast ut til sida mot vest, slik at det vert betre tilflott og plass for større fartøy inn til kaien. Vedtak vart meddelt søkjar i brev av 06.10.2010.

I planområdet er det ønska ei utvikling som byggjer opp under hamnefunksjonen som finst der i dag. Området er ein av få utskipingskaier i Nordhordland, med djupvasskai. Området har såleis ein viktig funksjon i regionen. I dag er det stor verksemd i samband med utskiping av tømmer i området.

#### **Intensjonen med planforslaget**

Målsetjinga med planarbeidet er å leggja til rette for ny næring i søre del av Lindås, med nærleik til E39, Knarvik og Bergen.

#### **4. PLANPROSESSEN**

Oppstartsmøte vart halde med Lindås kommune 24.11.2011. På møtet deltok tre representantar frå planavdelinga ved kommunen, to representantar frå teknisk avdeling, to representantar frå Opus AS og to representantar frå forslagsstillar.

Oppstart av planarbeidet vart varsla i annonse lokalavisa Nordhordland 14.12.11, og lagt ut på Opus sine nettsider.

Partar og naboar som vert råka av planen og offentlege og private høyringsinstansar vart varsla i brev datert 13.12.11.

Det vert varsla utviding av plangrense i høve til merknad frå Statens Vegvesen i brev til naboar 09.01.12.

Det vart halde undervegs møte med Lindås kommune 21.02.2012 og oppsummeringsmøte vart halde 12.04.2012.

Planforslaget var på høyring frå 23.06.12 til 04.08.12. Det kom inn fleire merknader, mellom anna frå Skogeigarlaget. Skogeigarlaget ynskja at planforslaget òg skulle legge til rette for ei utviding av eksisterande tømmerkai.

I merknadsmøte med Lindås kommune 06.09.12 vart det drøfta om tømmerkaia skulle utvidast. Det var eit sterkt ynskje frå kommunen at det skulle takast med. Planforslaget er no justert i tråd med merknaden frå Skogeigarlaget i tillegg til andre innkomne merknader. Merknadene er oppsummert og kommentert og lagt ved planforslaget.


## 5. GJELDANDE PLANSTATUS OG OVERORDNA RETNINGSLINER

### Fylkes(del)plan

I Fylkesplanen for Hordaland står det i kapittel 5 om næringsutvikling at "Næringar med særlege føremoner er særleg satsing på energi, marine-, maritime, reiselivs- og andre vekstkraftige næringar."

### Kommuneplan/ kommunedelplan

Planområdet er sett av til næring (N3) i arealdelen til gjeldande kommuneplan.



Næring (N3) i kommuneplanen. Omsynssona skravert med raudt.

### Strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim 2011-2020

Planen vart vedteken i kommunestyret i Lindås 22. april og i Austrheim 7. april 2010. Eit av dei overordna måla i planen er at dei to kommunane skal vere blant landets beste næringskommunar. Minst like viktig som tilgang på Bergen sin infrastruktur er at Lindås og Austrheim i stadig sterkare grad vert integrert i den bergenske arbeidsmarknaden. Moglegheit for pendling mellom Bergen, Lindås og Austrheim er ein styrke for alle kommunar sidan det gjev ein meir fleksibel arbeidsmarknad. Pendlingstala viser både høg inn- og utpendling.

### Statlege planretningslinjer

Dei statlege planretningslinjene for barn og planlegging har som mål og sikre eit oppvekstmiljø som gir barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader. Det skal sikrast at

oppvekstmiljøet har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ei kvar tid samsvarar med eksisterande kunnskap om barn og unge sine behov.

Dei statlege planretningslinene for samordna areal- og transportplanlegging har som mål at transportsystem skal utviklast slik at dei fremmar samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, med miljømessig gode løysingar, trygge lokalsamfunn og bustadmiljø, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Det skal leggest til grunn eit langsiktig, berekraftig perspektiv i planlegginga.

Statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona vart stadfesta 25. mars 2011. Retningslinene har som mål å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen.



## 6. SKILDRING AV PLANOMRÅDET (DAGENS SITUASJON)

### Lokalisering

Planområdet er lokalisert på Eidsnes om lag 10 minutters kjøring fra Knarvik i Lindås kommune, Nordhordland. Området ligg om lag 2 km sør for dagens E39-trasé. Området er lokalisert mot sjø, og det er i dag ei kai i området i tillegg til to bygningar. Bygningane er i bruk som lager for fyrverkeri. I samband med dette lageret er det i kommuneplanen markert omsynssone brann/eksplosjonsfare over heile området.



Planområdet er omtrentleg markert med gul sirkel.

### Avgrensing

Planen følgjer hovudsakleg avgrensinga til næringsområdet N3 i kommuneplanen. Etter innspel frå Statens Vegvesen er i tillegg Fv 393 og Fv 395 nordover fram til E 39 teke med i planen. I sør grensar planområdet mot sjø.

### Tilstøtande areals bruk/status

Tilstøtande areal på land er vist som LNF-område i kommuneplanen. I sør grensar planområdet mot sjø, vist som omsynssone friluftsliv i kommuneplanen.



Flyfoto over området. Tiltaksområdet er omtrentleg markert med raud sirkel.

### Eksisterande bygningar


Det ligg to eksisterande bygningar sør i planområdet. Desse vert i dag nytta til lagring av fyrverkeri.



Vegen i tiltaksområdet i forgrunnen, ein av dei to bygningane i planområdet i bakgrunnen. Biletet er teke frå vegen ved kaia mot nordvest.

### Topografi/landskapstrekk

Planområdet ligg lengst sør på Eidsnes, aust for fjelltoppen Mannshjelle (56 moh). Terrenget i planområdet ligg på om lag 25 moh på det høgste, og skrånar ned mot sjøen og Stabbevika i sør. Lengst sør skrånar terrenget bratt ned i sjøen. Området er noko kupert, og prega av små koller og haugar. Landskapstrekk og topografi er utgreidd i eigen analyse lagt ved planforslaget.




Helningskart

Vegetasjonen er i hovudsak barskog, og jordsmonnet er skrint, med noko berg i dagen. Eksisterande veg følgjer eit dalsøkk frå eksisterande kai og nordover. Det er fleire traktorveggar i planområdet, i tillegg til ein privat veg som går til fritidseigedomen like aust for planområdet. Vegetasjon er kartlagt i eigen rapport lagt ved planforslaget.



**Den eksisterande utskipingskaia sør i planområdet.**




**Terrenget sør i planområdet er svaberg med lite overdekking og noko barskog.**

## Soltilhøve

Det er gode soltilhøve i området.

## Vegetasjon, dyreliv og andre naturforhold

Biologisk mangfald og landskap er utgreidd i egne rapportar lagt ved planforslaget.




## Grøne interesser

Området er ikkje mykje nytta av lokalbefolkninga, verken av skular/barnehagar eller som turområde. Det er ingen leikeplassar eller idrettsanlegg i nærleiken. Næraste ballplass, idrettsanlegg og liknande ligg på Ostereidet om lag 4 km mot nordaust. Mannshjelle (57 moh) er det høgste punktet i umiddelbar nærleik til planområdet. Ein av traktorvegane går frå planområdet og opp til toppen av denne.

## Kulturminneverdiar

Det er kjend to automatisk freda kulturminne i planområdet. I søraustre enden av planområdet ligg ei gravrøys, truleg frå bronsealder (Askeladden id 99943). Nord i planområdet, like vest for vegen, ligg ein steinalderlokalitet (Askeladden 157799).

Det er ikkje kjend nyare tids kulturminne eller Sefrak-registrerte bygningar i planområdet.



Det eine automatisk freda kulturminnet i planområdet: gravrøys frå bronsealder (Askeladden id 99943). Steinalderlokaliteten mangla kartfesting då planskildringa vart skriva. Kart frå Riksantikvarens kulturminnedatabase Askeladden.

### Veg og trafikkforhold

Vegane i planområdet er av varierende standard (NVDB). Hovudvegen i det planlagde tiltaksområdet er av kategori skogsbilveg med fartsgrense 50 km/t. Denne går frå kaia lengst sør i planområdet, forbi dei eksisterande bygningane, og følgjer eit slakt stigande daldrag opp til kryss i Eidsnesvegen, Fv 393. Fv 393 går vestover mot Eikangervåg, og nordaustover mot Eknes. Planområdet følgjer Fv 393 nordover mot kryss, og følgjer så Fv 395 vidare nordover til E 39. Ein privat veg med fartsgrense 30 km/t går frå skogsbilvegen til dei eksisterande bygningane sør i planområdet. Fylkesvegane har fartsgrense 40 km/t, medan E39 har fartsgrense 80 km/t.

Trafikkmengda på fylkesvegen er 500 ÅDT, og på E39 er den om lag 3000 på den aktuelle strekninga.

Fritidseigedomen like aust for planområdet har vegrett på eksisterande veg gjennom planområdet. Dette er ein privat veg, som ikkje er avmerka på karta hos Statens Vegvesen.


Det er ingen gang- og sykkelvegar i planområdet.



Dagens standard på vegen som går gjennom tiltaksområdet. Mot nord/nordvest.




Vegstandarden i området. Kart frå Statens Vegvesen.



Trafikkmengda på dei ulike vegane i området. Kart frå Statens Vegvesen.

### Støy

Sjølve tiltaksområdet i sør er ikkje påverka av støy. Det er noko trafikkstøy langsmed vegane frå E39 og Fv 393, hovudsakleg gul sone.



Støypåverking i området.



### Offentleg kommunikasjon/ kollektivdekning

Det går buss mellom Ostereidet og Knarvik om lag ein gong i timen til kl 17 på kvelden på kvardagar. Næraste haldeplass for buss ligg om lag 300 meter vest/nordvest for krysset skogsbilvegen/Fv 393.



Haldeplassar for buss ved Eidsnes. Kart frå NVDB.

### Vatn og avlaup

Det kommunaltekniske anlegget har bra kapasitet på 200-leidning for vasstilkopling. Det finst ikkje kommunalt avlaupssystem i området.

### Energi

Kommunedelplan for klima og energi vart vedteken mars 2011. Planen gir mål, strategiar og tiltak for reduksjon i klimagassutslepp og energibruk i Lindås. Planen gjengir utsikter for klimaendringar lokalt, med strategiar for å møte desse endringane.

### Privat og offentlig servicetilbod

Planområdet ligg ikkje nær opptil skular eller barnehagar. Næraste skule, Eikanger, ligg inst i Eikangervågen, om lag 3 km i luftline nordvest for Eidsnes. Næraste barnehage er Leiknes barnehage AS, om lag 4 km mot sørvest, eller Ostereidet barnehage, om lag 4 km mot nordaust. Helsetilbod og andre offentlege tenester finn ein i Knarvik.



Fjellbrønn innanfor planområdet merka med blå sirkel (kart frå Norges geologiske undersøkelse)

## Risiko og sårbarheit

### ROS-vurdering

I dette kapitlet er det gjennomført ei risiko og sårbarhetsvurdering (ROS-vurdering) i tilknytning til forslag til reguleringsplan. Risikomatriser og akseptkriteria for ROS-analysar som gjeld arealbruk vart vedteken av kommunestyret i Lindås kommune 14.04.2011. Vurderinga er gjennomført av Opus Bergen AS som ein del av planarbeidet og er basert på Opus Bergen AS og tiltakshavar sin kunnskap om planområdet, samt tilgjengelige rapporter og innhenta informasjon frå Lindås kommune.

### ROS-analyse

Dersom eit av dei tre tema (liv og helse – miljø – økonomi) sine akseptkriteria (K1-K5) eller sannsynsvurderinga kjem i gul eller raud sone, vil det seia at hendinga har ein betydeleg risiko, og tiltak skal vurderast.

For dei scenaria som ligg i **raud sone**, er risikoen uakseptabel. Dette inneber at det må setjast i verk risikoreducerande tiltak for å få risikoen innanfor akseptable rammer (helst grøn sone). Dette kan innebere at eit planlagt tiltak må takast ut av planen eller reduserast i omfang. Det kan og setjast føresegner med rekkefølgekrav om sikringstiltak. Om ein ikkje har god nok kunnskap om risikoen, kan det stillast krav om nærare undersøkingar i samband med byggetiltak eller reguleringsplan, slik at risikoen kan kartleggjast meir presist og eventuelle førebyggjande eller avbøtande tiltak planleggast.

Når det gjeld scenario i **gul sone**, skal tiltak bli vurdert for å betra tryggleiken. Dersom det er kostnadmessig og praktisk forsvarleg, skal tiltak gjennomførast. Det skal vera eit mål å få risikoen så låg som praktisk mogleg.

Scenaria i **grøn sone** er i utgangspunktet uttrykk for akseptabel risiko, men ytterlegare risikoreduserande tiltak bør gjennomførast når det er mogeleg utifrå økonomiske og praktiske vurderingar.

RISIKOMATRISE – arealbruk													
S	A	N	N	S	Y	N	S5						
							S4						
							S3						
							S2						
							S1						
S	A	N	N	S	Y	N							
							K1	K2	K3	K4	K5		
KONSEKVENNS													

### Menneske, liv og helse

<b>S1 – lite sannsynleg</b>	Mindre enn ei hending per 1000 år
<b>S2 – mindre sannsynleg</b>	Ei hending per 200 – 1000 år
<b>S3 – sannsynleg</b>	Ei hending per 20 – 200 år
<b>S4 – mykje sannsynleg</b>	Ei hending per 2 – 20 år
<b>S5 – svært sannsynleg</b>	Ei hending per 2 år eller oftare
<b>K1 – ubetydeleg</b>	Ingen personskadar
<b>K2 – mindre alvorleg</b>	Få og små personskadar
<b>K3 – betydeleg</b>	Få, men alvorlege personskadar
<b>K4 – alvorleg</b>	1 død, og/eller 10 alvorleg skadde, og/eller 250 evakuerte
<b>K5 – svært alvorleg</b>	Meir enn 1 død, og/eller meir enn 10 alvorleg skadde, og/eller meir enn 250 evakuerte

## Miljø

<b>S1 – lite sannsynleg</b>	Mindre enn ei hending per 1000 år
<b>S2 – mindre sannsynleg</b>	Ei hending per 200 – 1000 år
<b>S3 – sannsynleg</b>	Ei hending per 20 – 200 år
<b>S4 – mykje sannsynleg</b>	Ei hending per 2 – 20 år
<b>S5 – svært sannsynleg</b>	Ei hending per 2 år eller oftare
<b>K1 – ubetydeleg</b>	Ingen miljøskadar eller ureining av omgjevnadene
<b>K2 – mindre alvorleg</b>	Mindre skadar på miljøet som vert utbetra etter kort tid
<b>K3 – betydeleg</b>	Middels alvorlege miljøskadar av stort omfang, eller; alvorlege miljøskadar av lite omfang
<b>K4 – alvorleg</b>	Store og alvorlege miljøskadar
<b>K5 –svært alvorleg</b>	Varig, alvorleg skade på miljøet

## Økonomi

<b>S1 – lite sannsynleg</b>	Mindre enn ei hending per 1000 år
<b>S2 – mindre sannsynleg</b>	Ei hending per 200 – 1000 år
<b>S3 – sannsynleg</b>	Ei hending per 20 – 200 år
<b>S4 – mykje sannsynleg</b>	Ei hending per 2 – 20 år
<b>S5 – svært sannsynleg</b>	Ei hending per 2 år eller oftare
<b>K1 – ubetydeleg</b>	Skadar for inntil kr 30 000
<b>K2 – mindre alvorleg</b>	Skadar mellom kr 30 000 – 300 000
<b>K3 – betydeleg</b>	Skadar mellom kr 300 000 – 3 000 000
<b>K4 –alvorleg</b>	Skadar mellom kr 3 000 000 – 30 000 000
<b>K5 –svært alvorleg</b>	Skadar for meir enn kr 30 000 000

## ROS-analysen

Hending/situasjon	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Kommentar/Tiltak
<b>Menneske, liv og helse</b>				
<b>Høg vasstand – stormflo</b>	3: Sannsynleg	2: Mindre alvorleg		Det er noko risiko for høg vasstand eller stormflo i området i dag, men det vil sjeldan ha konsekvensar for menneske, liv og helse.
<b>Ekstremnedbør</b>	4: Mykje sannsynleg	1: Ubetydeleg		Ekstremnedbør vil sjeldan ha konsekvensar for menneske, liv og helse.
<b>Ras/Skred</b>	1: Lite sannsynleg	1: Ubetydeleg		Det er ingen risiko for ras eller skred i området i dag og dette fører difor ikkje til konsekvensar for menneske, liv og helse.
<b>Flaum</b>	2: Mindre sannsynleg	2: Mindre alvorleg		Området ligg i tilknytning til sjø og ein kan ikkje utelukke flomfaren. Det er ingen vassdrag i tilknytning til området. Det er vurdert mindre sannsynleg at ein flom vil ha konsekvens for menneske, liv og helse.
<b>Sterk vind</b>	4: Mykje sannsynleg	1: Ubetydeleg		Sjølv om det er mykje sannsynleg at området vert råka av sterk vind er det lite truleg at sterk vind vil ha verknader for menneske, liv og helse.
<b>Luftforureining</b>	1: Lite sannsynleg	1: Ubetydeleg		Det er ingen risiko for luftforureining i området i dag og dette fører difor ikkje til konsekvensar for menneske, liv og helse.
<b>Vassforureining</b>	1: Lite sannsynleg	1: Ubetydeleg		Planområdet er ikkje utsett for vassforureining og gir difor ikkje konsekvensar for menneske, liv og helse.
<b>Grunnureining</b>	1: Lite sannsynleg	1: Ubetydeleg		Planområdet er ikkje utsett for grunnureining og gir difor ikkje konsekvensar for menneske, liv og helse.
<b>Radon</b>	2: Mindre sannsynleg	2: Mindre alvorleg		Bergartane i området er ikkje kjent for høge konsentrasjonar av radium.
<b>Kraftliner</b>	1: Lite sannsynleg	1: Ubetydeleg		Det er ikkje høgspenliner i tiltaksområdet og dette gir difor ingen konsekvens for menneske, liv og helse.
<b>Nær lager av farlege stoff</b>	2: Mindre sannsynleg	5: Svært alvorleg		Bygningar i området vert nytta til lagring av fyrverkeri og ved ein eksplosjon vil det kunne gje alvorleg konsekvens for menneske, liv og helse.
<b>Bombemål</b>	1: Lite sannsynleg	3: Betydeleg		Planområdet er ikkje i nærleiken av eit bombemål.
<b>Støy</b>	2: Mindre sannsynleg	2: Mindre alvorleg		Trafikken frå tømmerbilane gir noko støy sør i planområdet, men denne vil ha minimal konsekvens for menneske, liv

				og helse.
<b>Trafikkfare</b>	<b>2:</b> Mindre sannsynlig	<b>3:</b> Betydeleg		Det vil alltid vere ein risiko for trafikkulukker, men det er vanskeleg å vurdere i kva grad ei trafikkulukke kan gje betydeleg konsekvens for menneske, liv og helse.
<b>Brann</b>	<b>2:</b> Mindre sannsynlig	<b>3:</b> Betydeleg		Brann vil alltid vera ein risiko. Næraste brannstasjon er Lindås og Meland Brannvern, lokalisert i Knarvik. Brann kan gje betydeleg konsekvens for menneske, liv og helse
<b>Miljø</b>				
<b>Høg vasstand – stormflo</b>	<b>3:</b> Sannsynleg	<b>2:</b> Mindre alvorleg		Det er noko risiko for høg vasstand eller stormflo i området i dag men det vil ha mindre konsekvensar for miljøet.
<b>Ekstremnedbør</b>	<b>4:</b> Mykje sannsynleg	<b>1:</b> Ubetydeleg		Ekstremnedbør vil sjeldan ha konsekvensar for miljøet.
<b>Ras/Skred</b>	<b>1:</b> Sannsynleg	<b>1:</b> Betydeleg		Det er ingen risiko for ras eller skred i området i dag og difor ingen konsekvensar for miljøet.
<b>Flaum</b>	<b>2:</b> Mindre sannsynleg	<b>2:</b> Mindre alvorleg		Området ligg i tilknytning til sjø og ein kan ikkje utelukke flomfaren. Det er ingen vassdrag i tilknytning til området. Det er vurdert mindre sannsynleg at ein flom vil ha konsekvens for miljøet.
<b>Sterk vind</b>	<b>4:</b> Mykje sannsynleg	<b>1:</b> Ubetydeleg		Det er lite truleg at sterk vind vil ha verknader for miljøet.
<b>Luftforureining</b>	<b>1:</b> Lite sannsynleg	<b>1:</b> Ubetydeleg		Det er ingen risiko for luftforureining i området i dag og dette fører difor ikkje til konsekvensar for miljøet.
<b>Vassforureining</b>	<b>1:</b> Mindre sannsynleg	<b>1:</b> Mindre alvorleg		Planområdet er ikkje utsett for vassforureining og gir difor ikkje konsekvensar for miljøet.
<b>Grunnureining</b>	<b>1:</b> Lite sannsynleg	<b>1:</b> Ubetydeleg		Planområdet er ikkje utsett for grunnureining og gir difor ikkje konsekvensar for miljøet.
<b>Radon</b>	<b>2:</b> Mindre sannsynleg	<b>2:</b> Mindre alvorleg		Bergartane i området er ikkje kjent for høge konsentrasjonar av radium.
<b>Kraftliner</b>	<b>1:</b> Lite sannsynleg	<b>1:</b> Mindre alvorleg		Det er ikkje høgspenliner i planområdet.
<b>Nær lager av farlege stoff</b>	<b>2:</b> Mindre sannsynleg	<b>3:</b> Betydeleg		Bygningar i området vert nytta til lagring av fyrverkeri og ved ein eksplosjon vil det kunne gje alvorleg konsekvens for miljøet.
<b>Bombemål</b>	<b>1:</b> Lite sannsynleg	<b>3:</b> Betydeleg		Planområdet er ikkje i nærleiken av eit bombemål.
<b>Støy</b>	<b>2:</b> Mindre sannsynleg	<b>2:</b> Mindre alvorleg		Trafikken frå tømmerbilane gir noko støy sør i planområdet, men denne vil ha minimal

				konsekvens for miljøet.
<b>Trafikkfare</b>	<b>2:</b> Mindre sannsynlig	<b>3:</b> Betydeleg		Det vil alltid vere ein risiko for trafikkulukker, men det er vanskeleg å vurdere i kva grad.
<b>Brann</b>	<b>2:</b> Mindre sannsynlig	<b>3:</b> Betydeleg		Brann vil alltid vera ein risiko. Næraste brannstasjon er Lindås og Meland Brannvern, lokalisert i Knarvik.
<b>Økonomi</b>				
<b>Høg vasstand – stormflo</b>	<b>3:</b> Sannsynleg	<b>2:</b> Mindre alvorleg		Det er noko risiko for høg vasstand eller stormflo i dag, men det vil ikkje gje store økonomiske konsekvensar.
<b>Ekstremnedbør</b>	<b>4:</b> Mykje sannsynleg	<b>1:</b> Ubetydeleg		Ekstremnedbør vil sjeldan ha økonomiske konsekvensar.
<b>Ras/Skred</b>	<b>1:</b> Sannsynleg	<b>1:</b> Betydeleg		Det er ingen risiko for ras eller skred i området i dag og fører difor ikkje til økonomiske konsekvensar.
<b>Flaum</b>	<b>2:</b> Mindre sannsynleg	<b>2:</b> Mindre alvorleg		Området ligg i tilknytning til sjø og ein kan ikkje utelukke flomfaren. Det er ingen vassdrag i tilknytning til området. Det er vurdert mindre sannsynleg at ein flom vil gje store økonomiske konsekvensar.
<b>Sterk vind</b>	<b>4:</b> Mykje sannsynleg	<b>1:</b> Ubetydeleg		Det er lite truleg at sterk vind vil ha økonomiske verknader.
<b>Luftforureining</b>	<b>1:</b> Lite sannsynleg	<b>1:</b> Ubetydeleg		Det er ingen risiko for luftforureining i området i dag og dette fører difor ikkje til økonomiske konsekvensar.
<b>Vassforureining</b>	<b>1:</b> Mindre sannsynleg	<b>1:</b> Mindre alvorleg		Planområdet er ikkje utsett for vassforureining og gir difor ikkje økonomiske konsekvensar.
<b>Grunnureining</b>	<b>1:</b> Lite sannsynleg	<b>1:</b> Ubetydeleg		Planområdet er ikkje utsett for grunnureining og gir difor ikkje økonomiske konsekvensar.
<b>Radon</b>	<b>2:</b> Mindre sannsynleg	<b>2:</b> Mindre alvorleg		Bergartane i området er ikkje kjent for høge konsentrasjonar av radium.
<b>Kraftliner</b>	<b>1:</b> Mykje sannsynleg	<b>1:</b> Mindre alvorleg		Det er ikkje høgspenliner i planområdet.
<b>Nær lager av farlege stoff</b>	<b>2:</b> Mindre sannsynleg	<b>3:</b> Betydeleg		Bygningar i området vert nytta til lagring av fyrverkeri og ved ein eksplosjon vil det kunne gje betydelege økonomiske konsekvensar.
<b>Bombemål</b>	<b>1:</b> Lite sannsynleg	<b>3:</b> Betydeleg		Planområdet er ikkje i nærleiken av eit bombemål.
<b>Støy</b>	<b>3:</b> Sannsynleg	<b>2:</b> Mindre alvorleg		Trafikken frå E39 gir noko støy i området.
<b>Trafikkfare</b>	<b>2:</b> Mindre sannsynlig	<b>3:</b> Betydeleg		Det vil alltid vere ein risiko for trafikkulukker, men det er vanskeleg å vurdere i kva grad.

<b>Brann</b>	<b>2:</b> Mindre sannsynlig	<b>3:</b> Betydeleg		Brann vil alltid vere ein risiko. Næraste brannstasjon er Lindås og Meland Brannvern, lokalisert i Knarvik.
--------------	--------------------------------	------------------------	--	---



## **7. UTGREIING IHHT FORSKRIFT OM KONSEKVENSTREIING**

Arealføremålet er i samsvar med overordna plan. Konsekvensutgreiing er difor ikkje vurdert som naudsynt.

## 8. SKILDRING AV PLANFORSLAGET

### 8.1 INNLEIING

Reguleringsplanen er utarbeidd av OPUS Bergen AS på oppdrag frå ATR Eigedom AS. Planområdet ligg på Eidsnes, sør i Lindås kommune, og omfattar gnr 244 bnr 27, 36, 41, 46 og del av 4. Føremålet med planen er å regulere for næringsverksemd med hamneområde og tilhøyrande infrastruktur.

### 8.2 REGULERINGSFØREMÅL

I planforslaget har ein detaljert planen i høve til utnyttingsgrad og byggehøgde innanfor planområdet. Maksimal % - BRA er i arealføremål kombinert bygge- og anleggsføremål sett til 150 %. Parkering inngår ikkje i BRA.

Føremål	Totalt areal (m <sup>2</sup> )
<b>Bygningar og anlegg</b>	
<i>Kombinert byggje- og anleggsføremål</i>	
KBA1	62236m <sup>2</sup>
KBA2	62361m <sup>2</sup>
<b>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>	
Køyreveg	
Annan veggrunn	
<i>Hamn</i>	
H1	6289m <sup>2</sup>
H2	2286m <sup>2</sup>
H3	4086m <sup>2</sup>
<b>Grønstruktur</b>	
Vegetasjonsskjerm	
<b>Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift</b>	
<i>Friluftsmål</i>	
FR1	28440m <sup>2</sup>
FR2	7535m <sup>2</sup>
<b>Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone</b>	
Hamneområde i sjø	26731m <sup>2</sup>
Friluftsområde	11153m <sup>2</sup>
<b>Totalt</b>	<b>211117m<sup>2</sup></b>

### 8.3 BYGGEFØREMÅL

Det viste prosjektet er eit næringsområde med hamn. Det er lagt til rette for å utvide dagens hamneareal i området. Hovudføremålet i planen er kombinert byggje- og anleggsføremål og hamn. Planområdet er delt opp i to delfelt, KBA1 og KBA2. Innanfor kvart delfelt kan areala delast etter ein samla plan, tilpassa dei enkelte verksemd sine behov og med vekt på trygge trafikale løysingar.

Bygningar kan ha eitt eller fleire plan. Ved utrekning av BRA for nye bygningar med eitt plan kan bruksarealet reknast utan tillegg for tenkte plan. Maksimal byggehøgde er 21 meter. Det kan ved særskilde høve etablerast pipe, tårn og liknande på ein del av ein bygning, som er høgare enn maksimal byggehøgde. Det skal etablerast miljøvenlege løysingar for oppvarming i verksemdene i planområdet, med eit fokus på fornybar energi i motsetnad til fossilt brennstoff.

Innanfor alle delfelt vist på plankartet kan det etablerast næringsføremål, forretningsføremål, kontorføremål, lagerføremål, lettare industriføremål og interne vegar, parkeringsplassar og annan infrastruktur.

Etablering av arealkrevjande varehandel er ikkje tillete i planområdet før kommunen har vedteke dette i overordna plan eller i retningsliner gjeldande for Lindås kommune.

Detaljhandel er ikkje tillete med unntak av sal som har direkte tilknytning til produksjons-, handverk- eller serviceverksemd.

I føremålet hamn kan det leggst til rette for opplagring, parkering, tekniske installasjonar og bygningar knytt til hamneverksemda. I føremålet hamneområde i sjø skal det leggst til rette for inn- og utskiping. Pir kan tillatast etablert i den vestlege enden av kaifronten, H3. Det skal leggst til rette for at alle verksemdar som etablerer seg innanfor planområdet skal ha tilgang til hamneområde H3. Hamneområde H2 skal vera tilgjengeleg for næringsverksemdar utanfor planområdet. I H1 er det lagt til rette for å utvide eksisterande tømmerkai slik at tømmerverksemda kan ekspandere.

#### **8.4 PARKERING/GARASJE(R)**

Minimumskrav frå kommuneplanen for Lindås er 1 parkeringsplass per 30m<sup>2</sup> BRA for føremål forretning/kontor/service, 1 plass per 100m<sup>2</sup> BRA for føremål industri/verkstad og 1 plass per 300m<sup>2</sup> BRA for føremål lager.

Maksimumskrav frå kommuneplanen Lindås kommune er 1 plass per 20m<sup>2</sup> BRA for føremål forretning/kontor/service, 1 plass per 50m<sup>2</sup> BRA for føremål industri/verkstad og 2 plassar per 200m<sup>2</sup> BRA lager.

Minimum 10 prosent av parkeringsplassane skal vere utforma og reservert for rørslehemma.

#### **Trafikkareal**

Trafikkarealet i planområdet er offentleg vegar ( Fv 393, Fv 395) og felles vegar (vegane gjennom sjølve tiltaksområdet). Vegane skal etablerast etter gjeldande krav. Fylkesvegen vil leggst i same trasé som dagens veg, men det er i planforslaget lagt til rette for ei utviding av vegen. Fylkesveg 393 og Fylkesveg 395 samt tilkomstvegen vist i plankartet fram til område for planlagt tiltak, skal kunna opparbeidast med inntil 6 meter breidde og med inntil 0,5 meter vegskulder på båe sider. Annan veggrunn er avsett til skjeringar, fyllingar, grøfter og liknande knytt til vegføremåla.

#### **Støytiltak**

Det er lagt inn ei føresegn om at støy frå industriområde skal tilfredsstillast gjeldande retningsliner for tillate utandørs støy, jf. T-1442 "Støy i arealplanlegging". Det er ikkje tillate etablert anlegg eller verksemd som ved lukt, røyk, støy eller anna ureinande utslepp er til sjenanse for nærområdet med omsyn til friluftsliv og busetnad.

#### **Avfallshandtering/miljøstasjon**

Det skal leggst til rette for fellesområde for avfallshandtering. Avfallshandteringa skal løysast med overflatesystem. Areal for miljøstasjon på dei respektive felta skal nyttast til samling av avfallsdunkar og til kjeldesortering. Plasseringa skal visast på utomhusplanar for kvart delfelt, eventuelt samla for begge to. Samlingsplassane skal skjermast/overbyggast ut frå estetiske og ureiningsmessige tilhøve.

### **Risiko og sårbarheit**

Det er sett krav i føresegnene om at lokal overvatnhandtering skal leggjast til grunn ved detaljutforming og prosjektering av tiltak. Gjennomføring av bygningsmessige tiltak skal ikkje gje endring i avrenningssituasjonen nedstraums frå byggjeområde og vegar. Der oppsamla overvatn vert ført ut i terreng eller ned i grunn skal det gjerast på ein slik måte at det ikkje fører til auka flaumfare eller redusert kvalitet på areala nedstraums for utsleppet.

Det er og presisert i føresegnene at ved innsending av rammesøknad for kvart delfelt skal det føreliggje ein massehandsamingsplan som skal godkjennast av kommunen. Massehandsamingsplanen skal vise skjeringar og fyllingar.

Det er sett krav i føresegnene om at det ikkje er tillate etablert anlegg eller verksemd som ved lukt, røyk, støy eller anna ureinande utslepp er til sjenanse for nærområdet med omsyn til friluftsliv og busetnad.

### **Anna**

Ved innsending av rammesøknad for kvart delfelt skal det og føreliggje ein VA-plan som skal godkjennast av kommunen.

Før det vert sett i verk utbyggingstiltak i kvart delfelt skal avkøyrslar vere opparbeidd i tråd med krav frå vegmynde.

Før det vert gitt midlertidig brukstillating for kvart delfelt skal følgjande vera gjennomført:

- Vegar i den enkelte utbyggingsetappe skal vera utbygde.
- Vatn- og avlaupsnett i samsvar med rammeplan for VA. Ferdigstilling skal tilpassast den enkelte utbyggingsetappe.
- Eventuelle sikringstiltak mot fallulukker ved bratte skjeringar skal vera utført.

Det er lagt inn ei føresegn om at prinsippet om universell utforming skal leggjast til grunn i planområdet.

Det er og lagt inn ei føresegn om at tiltak i hamneområde i sjø skal på høyring til naboar og offentlege instansar før det vert gjeve byggeløyve frå kommunen, og at særleg forstyrrande anleggsarbeid skal leggjast utanfor gyteperioden for torsk frå januar til og med april.

## **9. KONSEKVENSNAR AV PLANFORSLAGET**

### **Overordna planer og vedtak**

Planforslaget er i tråd med overordna plan. Området er markert som næringsområde i kommuneplanen for Lindås.

### **Eksisterande reguleringsplanar**

Delar av området er regulert, men det er presisert i kommuneplanen at det skal utarbeidast ein nye reguleringsplan for området.

### **Estetikk**

Området vil bli endra som følge av ei utbygging. Det er sikra i føresegnene at lokalisering og utforming av nye byggverk skal sikra eit godt samspel med eksisterande anlegg i høve til tomteplassering, byggestruktur, volum og takform.

### **Konsekvensar for naboar**

Planen fører ikkje til større konsekvensar for naboar. Det er ingen som bur i nærleiken av planområdet.

### **Trafikk- og parkeringsforhold**

Det er i planforslaget lagt til rette for ei utviding av fylkesvegen til området. Parkering i området skal vera i tråd med føresegnene i kommuneplanen.

### **Kulturminne**

Gravrøysa søraust i planområdet, Askeladden id 99943, er lagt inn som omsynssone d), bandlegging etter Kulturminneloven (H\_730), i plankartet. Eit område rundt gravrøysa er i samråd med Hordaland fylkeskommune lagt inn som omsynssone c) bevaring av kulturmiljø (H\_570). I omsynssonene er det ikkje tillete å gjera nokon form for varig eller mellombelse inngrep som kan medføre å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, endre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørlig skjemma det automatisk freda kulturminnet, eller framkalle fare for at det skal skje.

Steinalderlokaliteten, Askeladden 157799, er i samråd med Hordaland fylkeskommune merkt som bestemmelsesområde (#1) i plankartet. Dette kulturminnet vil søkjast frigjeve som eit ledd i planprosessen.

### **Friluftaktivitet, naturområde, barn og unges interesser i nærmiljøet**

Planområdet ligg nær område for utøving av friluftsliv og aktivitet i sjø og på land. Ein vurdering av tiltaket i høve til naturmangfaldslova er omtala i kartlegginga av biologisk mangfald og verknadene av planlagt tiltak er vurdert i eit eige notat. Det er stor aktivitet på tømmerkaia i dag slik at ei utviding ikkje vil vere vesentleg i høve til friluftaktivitet. Området er ikkje i bruk av barn og unge. Naturlege høgder og opphavleg terreng i planområdet vil takast vare på så langt det er mogleg. Området ligger nære gyteområde for torsk og det er lagt inn ei føresegn om at særleg forstyrrende anleggsarbeid skal leggjast utanfor gyteperioden for torsk frå januar til og med april.

## Private og offentlege servicetilbod

Planområdet ligg sentralt i høve til Ostereidet og Knarvik. Begge stadene har skule- og barnehagetilbod samt ytterlegare offentleg servicetilbod som lege, tannlege osv.

## Risiko og sårbarheit

Matrisene på neste side viser ei oppsummering av scenariene som vart vurderte til gul eller raud sone i ROS-analysen. Eitt scenario vart vurdert til raud sone for menneske, liv og helse i analysen. Dette er "Nær lager av farlege stoff". Raud sone vil seie at risikoen er uakseptabel, og det må setjast i verk risikoreduserande tiltak for å få risikoen innanfor akseptable rammer. Anna enn lager og verksemder med sporadisk aktivitet kan ikkje etablerast i planområdet før fyrverkerilageret er flytta frå staden.

Menneske, liv og helse				
Høg vasstand - stormflo	3: Sannsynleg	2: Mindre alvorleg		Det er noko risiko for høg vasstand eller stormflo i området i dag, men det vil sjeldan ha konsekvensar for menneske, liv og helse.
Nær lager av farlege stoff	2: Mindre sannsynleg	5: Svært alvorleg		Bygningar i området vert nytta til lagring av fyrverkeri og ved ein eksplosjon vil det kunne gje alvorleg konsekvens for menneske, liv og helse.
Trafikkfare	2: Mindre sannsynlig	3: Betydeleg		Det vil alltid vere ein risiko for trafikkulukker, men det er vanskeleg å vurdere i kva grad ei trafikkulukke kan gje betydeleg konsekvens for menneske, liv og helse.
Brann	2: Mindre sannsynlig	3: Betydeleg		Brann vil alltid vera ein risiko. Næraste brannstasjon er Lindås og Meland Brannvern, lokalisert i Knarvik. Brann kan gje betydeleg konsekvens for menneske, liv og helse

Miljø				
Nær lager av farlege stoff	2: Mindre sannsynleg	3: Betydeleg		Bygningar i området vert nytta til lagring av fyrverkeri og ved ein eksplosjon vil det kunne gje alvorleg konsekvens for miljøet.
Trafikkfare	2: Mindre sannsynlig	3: Betydeleg		Det vil alltid vere ein risiko for trafikkulukker, men det er vanskeleg å vurdere i kva grad.
Brann	2: Mindre sannsynlig	3: Betydeleg		Brann vil alltid vera ein risiko. Næraste brannstasjon er Lindås og Meland Brannvern, lokalisert i Knarvik.

Økonomi				
Nær lager av farlege stoff	2: Mindre sannsynleg	3: Betydeleg		Bygningar i området vert nytta til lagring av fyrverkeri og ved ein eksplosjon vil det kunne gje

				betydelege økonomiske konsekvensar.
<b>Støy</b>	<b>3: Sannsynleg</b>	<b>2: Mindre alvorleg</b>		Trafikken frå E39 gir noko støy i området.
<b>Trafikkfare</b>	<b>2: Mindre sannsynlig</b>	<b>3: Betydeleg</b>		Det vil alltid vere ein risiko for trafikkulukker, men det er vanskeleg å vurdere i kva grad.
<b>Brann</b>	<b>2: Mindre sannsynlig</b>	<b>3: Betydeleg</b>		Brann vil alltid vere ein risiko. Næraste brannstasjon er Lindås og Meland Brannvern, lokalisert i Knarvik.

Tre scenario er vurderte til gul sone for menneske, liv og helse:

- høg vasstand/stormflo,
- trafikkfare
- brann

Tre scenario er vurderte til gul sone for miljø:

- nær lager av farlege stoff
- trafikkfare
- brann

Fire scenario er vurderte til gul sone for økonomi:

- støy
- nær lager av farlege stoff
- trafikkfare
- brann

Når det gjeld scenario i **gul sone**, skal tiltak bli vurdert for å betra tryggleiken. Dersom det er kostnadmessig og praktisk forsvarleg, skal tiltak gjennomførast.

Risikoen for høg vasstand/stormflo og brann vil handterast ved at bygningar vert oppførte etter byggtekniske forskrifter som minimerar risikoen. Vegar skal opparbeidast som vist i planen, i høve til vegnormar og fyrverkerilageret skal flyttast.

Det er sett krav i føresegnene om at det ikkje er tillate etablert anlegg eller verksemd som ved lukt, røyk, støy eller anna ureinande utslepp er til sjenanse for nærområde for friluftsliv og busetnad. Slik vil planforslaget ikkje få konsekvensar for nærområdet.

Det er vidare også sett krav i føresegnene om at lokal overvatnhandtering skal leggst til grunn ved detaljutforming og prosjektering av tiltak. Gjennomføring av bygningsmessige tiltak skal ikkje gje endring i avrenningssituasjonen nedstraums frå byggjeområde og vegar. Der oppsamla overvatn vert ført ut i terreng eller ned i grunn skal det gjerast på ein slik måte at det ikkje fører til auka flaumfare eller redusert kvalitet på areala nedstraums for utsleppet. Med eit slikt krav i føresegnene vil ikkje tiltaket føre til konsekvensar i området eller i nærområdet i høve til flaum.

Det er og presisert i føresegnene at ved innsending av rammesøknad for kvart delfelt skal det føreliggje ein massehandsamingsplan som skal godkjennast av kommunen. Samla vil eit slik krav både i høve til masseuttak og i høve til overvatnhandtering ikkje føre til negative konsekvensar ved ei utbygging.

### **Infrastruktur (vei/vann/avløp, el-anlegg etc )**

Det skal opparbeidast ny infrastruktur i området og det er i føresegnene sett krav om at ved innsending av rammesøknad for kvart delfelt skal det føreliggje VA-plan som skal godkjennast av kommunen. Det er og sett krav i føresegnene i høve til detaljplan for veg: Planar for vegar skal vise korleis krava til vegteknisk standard blir oppfylt, herunder lengde- og tverrprofilar av dei vegane som leiar fram til dei respektive felta. Plassering av nye og eksisterande avkøyrslar skal visast. Fylkesveg 393 og Fylkesveg 395 samt tilkomstvegen vist i plankartet fram til område for planlagt tiltak, skal kunna opparbeidast med inntil 6 meter breidde og med inntil 0,5 meter vegskulder på baa sider. Det er og sett krav i føresegnene i høve til plassering av nettstasjon.

### **Konsekvensar for næringsinteresser**

Planforslaget vil gje moglegheiter for ytterlegare næringsutvikling i Lindås kommune. Det vil vere mogleg for fleire bedrifter å etablera seg i kommunen. Ein legg i planforslaget til rette for at både arbeidsplassintensive og arealkrevjande næringar kan etablera seg på Eidsnes. Ein positiv konsekvens er utviding av eksisterande hamneverksemd. Ein vil med ei slik utviding kunne bygge opp omkring næringsverksemdar med behov for nærleik til hamn og lasting/lossing frå båtar samstundes som eksisterande tømmerverksemd kan ekspandere.

I merknaden frå Skogeigarlaget ved høyring vert det peika på at ut frå det ein veit i dag om tilvekst på skogen og forventa hogstkvantum, så anslår ein eit kvantum som minst vil vera 4-5 gonger så stort som i dag innan ein periode på 10 – 15 år. Utskipinga av denne hogsten må truleg gå over kaia på Eidsnes. Kaia som det no vert lagt til rette for vil vera tenleg for skogbruket i framtida. Næringsområdet er òg noko utvida mot vest som fylgje av innspelet frå Skogeigarlaget. Dette området er til dels planert areal og lagerplass i dag, i tillegg til at det sikrar at Skogeigarlaget kan fortsette å bruke fjellveggen til lagring/produksjon av flis.

### **Juridiske/ økonomiske konsekvensar for kommunen**

Planforslaget løyser ikkje ut offentleg innløysingsplikt eller ekspropriasjonstiltak for å gjennomførast.



## **10. MEDVERKNAD**

Det er varsla oppstart på vanleg vis med brev til naboar og offentlege instansar samt annonse i avisa Nordhordland. Innkomne merknadar er oppsummert og kommentert i eige dokument lagt ved planforslaget. Innkomne merknader ved høyring er òg oppsummert og kommentert i eige dokument lagt ved planforslaget.